

# SLUTTRAPPORT

## «Aktivitetspark for alle i Kviteseid»

Prosjektnummer: 2019/HE2-281967

Søkerorganisasjon: Landsforeningen for hjerte- og lungesyke



*Foto: Elisabeth Lid*

## Forord

Saman med Kviteseid Turlag og Kviteseid Jeger- og Fiskerforening ynskta lokallaget LHL Vest-Telemark å bidra til å utvikle og universelt utforme eit område langs turvegen "Dalaåi Turveg" til ein aktivitetspark der ein kan drive med ulik aktivitet.

Arbeidet skulle skje i forståing med Kviteseid kommune som eig området. Me søkte difor Stiftelsen Dam om midlar til å byggje gapahuk (grillhytte) med utekjøkken og bod for oppbevaring av utstyr, sette opp ein utedo langs turvegen, lage to universelt utforma fiskebrygger og forlengje turvegen med ca 70 meter fram til det aktuelle området. Målet var å fremje god folkehelse ved å leggje til rette for lågterskelaktivitet, god integrering og inkludering. Området er fritt for biltrafikk og dermed eit trygt og fint område for leik, fysisk aktivitet og andre sosialt inkluderande aktivitetar.

Arbeidet med prosjektet starta hausten 2019 og skulle etter planen vore ferdigstilt våren 2020. Involverte i prosjektet fekk høyre om eit prosjekt i Vestfold – Padleled Vestfold. Det blei oppretta kontakt, og dei to fylka blei samde om at dette kunne vere eit flott samarbeidsprosjekt for det nye fylket Vestfold og Telemark. Da ville det bli rasteplassar med same profil langs Vestfoldkysten og opp Telemarkskanalen. Dette forsinka prosjektet slik at vi ikkje kom i gang for våren 2020.

Prosjektgruppa har bestått av Ingebjørg Draugedal, LHL Vest-Telemark, prosjektleiar. Tor Ivar Berge, Kviteseid Jeger og Fiskerforening og Jon Ingebretsen, Roger Løfgren og Molly Marie Haugen, alle frå Kviteseid Turlag.

Prosjektgruppa ynskjer å rette ein stor takk til alle som har bidratt inn i prosjektet. Det vere seg med dugnadsinnsats, økonomisk støtte og andre bidrag. Takk til Stiftelsen Dam som fant å støtte prosjektet med 208.000 kroner. Takk og til Kviteseid kommune for det økonomiske bidraget på til saman 231.116 kroner. Me vil og takke Gjensidigestiftelsen for 137.230 kroner i støtte, og fylkeskommunen (Telemark fylkeskommune) for 96.000 kroner i spillemidlar. Vidare vil me rette ein takk til Telemarkskanalen Regionalpark for godt samarbeid. Ein særleg stor takk går til Kviteseid kommune for at dei stilte ressursar til disposisjon for prosjektet; både når prosjektet vart planlagt og under gjennomføring og avslutning av prosjektet. Her vil me spesielt takke tidlegare frivilligkoordinator Tordis Stenrud samt næringssjef Elisabeth Lid.

## Samandrag

Målet med prosjektet var å utvikle og universelt utforme eit område ved Dalaåi Turveg i Kviteseid kommune til ein aktivitetspark for alle innbyggjarar i kommunen; særleg barn og unge, eldre og innvandrarar, samt dei med helseutfordringar som følgje av kronisk sjukdom eller funksjonsnedsettingar. Bakgrunnen for prosjektet var at LHL Vest-Telemark saman med Kviteseid Turlag og Kviteseid Jeger- og Fiskerforening ynskte å bidra til å fremje aktivitet og god folkehelse ved å leggje til rette for og fremje lågterskelaktivitet, god integrering og inkludering i kommunen vår. Me ville skape lågterskelaktivitet og møteplassar for alle grupper av innbyggjarar også dei med helseutfordringar, i et område langs en turveg som er mykje brukt gjennom heile året. Mellom anna ynskte gågruppa til LHL seg ei gapahuk slik at kaffepausen kan tas i ly for regn og vind. Me ville difor sette opp gapahuk m/bod, 2 fiskebryggjer og forleng turvegen 70 m .for å komme til aktivitetsområdet.

Me planla å gjennomføre ei enkel brukarundersøking som me skulle sende til skular, barnehage, institusjonar og dei om lag 80 lag og foreiningane i kommunen. Me skulle og registrere bruken av området ved å sette opp ei kasse ved Ågapet der dei som går tur kan notere i ei turbok. Me rakk ikkje å gjennomføre brukarundersøkinga og sette opp turkasse, men det er bestilt eit telleapparat for å kunne måle auken av bruk på sikt. Me kan likevel registrere at koronapandemien har resultert i at enno fleire enn ein kunne håpe på nyttar naturen til trening og rekreasjon. Området er no meir attraktivt og det er allereie stor aktivitet i området og aktivitetsparken har vorte ein populær og mykje bruka møteplass for målgruppene i prosjektet. Me har innfridd målet om å lage eit tilbod som fremjar folkehelse.

LHL Vest-Telemark, Kviteseid Turlag og Kviteseid Jeger- og Fiskerforening har samarbeida om prosjektet, og me har samarbeida tett og godt med Kviteseid kommune om gjennomføringa. Hausten 2019 starta me å rydde området der det skulle setjast opp gapahuk og bod. Rydding av buskar, tre, stein, røtar og stubbar vart gjort på dugnad. Det var naudsynt å leige inn gravemaskin og arbeidskraft for å opparbeide området og mure opp fiskebryggjene. Området vart bearbeida med tilbakefylling med utgraven masse og rette av med eit platå med singel. Turvegen fram til området vart forlengd med ca 70 meter og grusa. Området og turvegen er universelt utforma. Lokale handtverkarer vart leigd inn til å sette opp gapahuken. Me kjøpte inn ein utedo som vart satt opp på dugnad langs turvegen og i nærleiken av gapahuken. Undervegs i prosjektet har me informert om arbeidet på møter, i sosiale media (facebook) og i lokalavisa. Aktivitetsparken vart offisielt opna tysdag 22. september 2020. Både presse, samarbeidspartnarar, bidragsytarar og andre som hadde vore engasjert i prosjektet vart invitert og fleire møtte opp. Det vart og annonsert breitt og dette resulterte i stor interesse og deltaking på opninga.

Me har innfridd målet om å lage eit tilbod som fremjar folkehelse og alle delmåla i prosjektet så nær som brukarundersøkinga er innfridd. Me fekk ikkje satt opp

turkasse, men har bestilt telleapparat for på sikt å kunne måle auken av bruken. Me kan likevel konstatere at turvegen og alle installasjonane er veldig populære. Det er allereie stor aktivitet i området og aktivitetsparken blir mykje brukt av skule, barnehage, lag og organisasjonar for born og vaksne og ikkje minst av LHL-Vest Telemark som har organiserte turar kvar tysdag og som har arrangement kor deltakarane grillar og kosar seg. Gapahuken me planla vart ein flott padlehuk; noko me ser oss svært godt nøgd med. Området har blitt meir attraktivt og aktivitetsparken har blitt ein mykje bruka møteplass for innbyggjarane i Kviteseid, men òg for besøkande frå nabokommunar. Den brukast og av turistar i sommarsesongen. Koronapandemien har og resultert i at enno fleire enn ein kunne håpe på nyttar naturen til trening og rekreasjon.

Me har gjennomført eit vellykka prosjekt som har innfridd målet om å lage eit helsefremjande lavterskeltilbod. Me har fått den møteplassen alle ynskte seg, ein aktivitetspark der ein kan drive med fysisk aktivitet og vere sosiale saman. Saman med kommunen vil Kviteseid Jeger- og Fiskerforening stå for vedlikehald av turvegen og LHL Vest-Telemark vil ha tilsyn av sjølve rasteplassen. Foreiningane bak prosjektet vil helde fram med aktivitet i parken, og saman med lag og foreiningar vil kommunen helde fram med å utvikle området. Det er mellom anna planar om å sette opp treningsapparat i området.

## **Kap 1 Bakgrunn for prosjektet**

Bakgrunnen for at me satte i gang dette prosjektet, var at me ynskte å bidra til å fremje aktivitet og folkehelse i Kviteseid kommune. Eit viktig bidrag i så måte var å vidareutvikle eit allereie mykje bruka og populært rekreasjonsområde; nemleg eit område langs Dalaåi Turveg. Turvegen var allereie i mykje bruk, både av innbyggjarane og turistar, heile året. No ynskte me saman å vidareutvikle turvegen, og skape ein aktivitetspark med ulike aktivitetar. Me som sto bak dette prosjektet ynskte nemleg å skape lågterskel aktivitet og møteplassar for innbyggjarane, også dei med helseutfordringar.



Turvegen går i eit vakkert kulturlandskap. Den er universelt utforma og er mykje brukt – sommar og vinter. Turvegen er tett knytt til Telemarkskanalen og installasjonar og vidareutvikling av turvegen og området Ågapet vil vere eit supplement til tilboda langs Telemarkskanalen.

LHL er ein organisasjon for dei som er råka av hjarte-, kar- og lungesjukdom. Me vil vera med å leggje til rette for auka fysisk aktivitet og slik fremje betre folkehelse. I dette prosjektet ynskte me i lokallaget LHL Vest-Telemark å samarbeide med Kviteseid Turlag og Kviteseid Jeger- og Fiskerforening, men me ville og ha eit samarbeid med grunneigar Kviteseid kommune, særleg folkehelsekoordinator og frivilligkoordinator, men og med andre lokale lag og organisasjonar. Me ville realisere eit lenge etterlengta prosjekt som skulle føre til at fleire kom seg ut på tur, det vere seg gåtur eller fisketur.

**LHL Vest-Telemark** driv mange aktivitetar, blant anna fleire gågrupper, og lokallaget arbeider for å få til gåturar/gågrupper i alle bygder i Vest-Telemark. LHL Vest-Telemark har grupper i Kviteseid, Morgedal, Ordal, Høydalsmo (Tokke kommune), Rauland (Vinje Kommune), Treungen (Nissedal kommune). Turgåarne får enkle øvingar for å fremje pust og kondisjon ute i det fri. Desse øvingane blir bruka undervegs i dei allereie innarbeida og faste gåturane. Dette syner at LHL Vest-Telemark er eit aktivt lokallag som arbeider kontinuerleg for å få folk ut og gå tur.

Gågruppa i Kviteseid har eksistert i fleire år og har deltakarar som går Dalaåi Turveg til Ågapet kvar tysdag kl. 1100. Det er ei gruppe eldre med ulike helseutfordringar som er opptatt av å halde seg i form for å kunne bu i heimane sine og klare seg sjølv lengst mogleg. Like viktig som mosjon er høve til å vere saman. Alderen er mellom 68 og 90 år. Dei har kaffipausen sin på kvileplassen i Ågapet. Der sto det berre kvilebenker med bord og det var ein bål plass. Gågruppa ynskte sterkt at det og kunne settast opp ei gapahuk eller liknande slik at kaffepausen kunne tas i ly for vér og vind. For mange hjarte- og lungesjuka er det bra for helsa å kunne søkje ly i ei gapahuk når det blåser og regner. Gruppa går til Ågapet sommar, vår og haust og til idrettshallen på vinteren. I tillegg til vår gågruppe er det og mange andre gågrupper og folk som går tur og som vil kunne glede seg over å sitje under tak i uver.

**Kviteseid Turlag** har jobba med å avtalefeste, etablere, rydde, skilte og merke turstiar i heile kommunen. Dei var klar for å ta tak i nye utfordringar, og ville aktivt bidra i dugnadsarbeide knytt til prosjektet. Dette var ut frå turlaget si målsetjing om å leggje til rette for at alle lag av folket ut frå sine føresetnader på ein enkel måte skal kunne komme på tur for oppleving, fysisk aktivitet, helse og i sosiale relasjonar også i sitt nærmiljø.

**Kviteseid Jeger- og Fiskerforening** har lagt ned stor innsats for å få til gode fiskevatn, og kartlegge jakt- og fiske moglegheiter i området. Foreininga engasjerer seg i barne- og ungdomsarbeid, slik som sommarskule, fiskedagar, jegerkurs,



flugebinding, flugekasting, leirdueskyting m.m. I 2016 fekk Kviteseid Jeger- og Fiskerforening kulturprisen for sin innsats med å lære ungar å fiske i Ågapet. Dette syner at området er i bruk.

**Andre aktivitetar** er det og i dette flotte området! Menighetane i kommunen nyttar området til «båldag»/aktivitetsdag for ungdommane. 8 klasse ved Kviteseid skule laga sommaren 2018 fleire humlehotell som vart hengd opp i trea rundt i området ved kvileplassen. Dette var ein del av eit prosjekt der elevane og tok opp bestilling på slike byggverk. I dag er det spanande for skuleelevar, barnehageborn og alle andre som vil å fylgje med på aktiviteten i humlehotella.

Det er eit svært godt samarbeid mellom alle lag og foreiningar i kommunen og aktivitetane dei forskjellige lag/foreiningane steller til er gode tilbod til innbyggjarane og aktiviteten er stor. Aktivitetane bidreg til sosial omgang, inkludering og aktivitetar på tvers av etnisitet, alder, trusretning og interesser. Vårt prosjekt " Aktivitetspark for alle i Kviteseid" er eit døme på dette samarbeidet. Deltakarar til prosjektets dugnadsarbeid vart rekruttert frå eigne foreiningar, og frivillige frå andre lag og foreiningar meldte seg og til teneste.

## Kap 2 Målsetting og målgruppe

Det overordna målet med prosjektet var å fremje god folkehelse ved å legge til rette for lågterskelaktivitet, god integrering og inkludering.

### **Hovedmål:**

Prosjektet skulle utvikle og universelt utforme eit område ved Dalaåi Turveg til ein aktivitetspark. Dette skulle gjerast ved å sette opp ein gapahuk med utekjøkken og bod for oppbevaring av utstyr, ein utedo, ei fiskebryggje samt at me ville forlenge turvegen med ca 70 meter for å komme til aktivitetsområdet. Den andre fiskebryggja skulle me sette opp litt lengre opp der turvegen går langsmed elva.



**Delmål:**

1. Gjennomføre grunnarbeid; gapahuk, veg og fiskebryggje. Rydde busker, stubbar og stein.
2. Bygge gapahuk, utstyrsbod og 2 fiskebryggjer. Gruse forlenging av turveg.
3. Sette opp utedo.
4. Offisiell opning av aktivitetsparken.
5. Starte opp med aktivitetar i aktivitetsparken.
6. Marknadsføre aktivitetsparken og aktivitetane der.
7. Gjennomføre brukarundersøking.

**Målgruppe:**

Målgruppene for prosjektet var barn og unge, eldre og innvandrarak. Området skulle og kunne brukast av dei med helseutfordringar; det vere seg som følgje av kronisk sjukdom eller funksjonsnedsettingar. Gapahuken, utedoen og fiskebryggja skulle sjølvsaqt og vere tilgjengeleg for alle innbyggjarane i Kviteseid kommune og nabokommunane samt besøkande/turistar.

Nedslagsfelt var Kviteseid kommune med ca. 2 400 innbyggjarar (pr 2018). Av dette var ca 460 eldre (pr 2018) og 198 uføre (pr 2016) og nabokommunane Seljord, Nissedal og Tokke med til saman ca 6700 innbyggjarar (pr 2018).

### Kap 3 Prosjektgjennomføring/metode

**Styringsgruppa** var satt saman av representantar for styrene i dei tre samarbeidande foreiningane.

**Prosjektgruppa** bestod av:

Ingebjørg Draugedal, LHL Vest-Telemark (prosjektleiark)

Tor Ivar Berge, Kviteseid Jeger- og Fiskerforening


Jon Ingebretsen, Roger Løfgren og Molly Marie Haugan, alle frå Kviteseid Turlag

Prosjektleiark har lang erfaring fra frivillig arbeid; både frå ulike frivillige organisasjonar og kommunepolitikken. Ho har vore fleire år i Kviteseid kommunestyre; blant anna formannskapet. Dei andre prosjektmedlemmane har vore svært aktive bidragsytarar for å leggje til rette for uteaktivitet i kommunen, t.d turvegar, aktivitetar knytt til jakt og fiske og anna friluftsliv.

Prosjektgruppa med representantar frå dei tre organisasjonane har hatt eit godt og tett samarbeid med Kviteseid Kommune gjennom heile prosjektperioden. Kommunen har vore involvert heile vegen, og dei tok på seg å føre rekneskapen for prosjektet og sørgje for revisjon av dette. Då det var klart at me fekk tildelt midlar frå Stiftelsen Dam fekk me forankra prosjektet med ei sak til politikarane til formannskapsmøte 22. august 2019, og dette resulterte i at kommunen fann å støtte prosjektet med midlar. I tillegg søkte og fekk Kviteseid Jeger- og Fiskerforening midlar frå

Gjensidigestiftelsen og spillemidler frå Telemark fylkeskommune som ble tilført prosjektet.

Prosjektet skulle etter planen gjennomførast i perioden august 2019 – september 2020, men me måtte forlenge prosjektperioden til ut juni 2021 som følgje av forsinka oppstart. Me hadde offisiell opning 22. september 2020, men noko arbeid gjensto slik at prosjektet ikkje vart avslutta før våren 2021



Me starta med å kalle inn til dugnad for å rydde området der me skulle setje opp gapahuken med utekjøkken og bod for oppbevaring av utstyr. I boden er det lagt til rette for oppbevaring av kajakkar, hengekøyer, gåstavar, sitjeunderlag, fiskeutstyr og spel, blant anna kubbspel. Dette utstyret er meint til utlån av dei som nyttar området til rekreasjon, leik, samvær med andre og påfyll av frisk luft og gleder over å vera ute i vakker natur.

Området er universelt utforma. Medlemmar frå lokale lag og foreiningar deltok i dugnadsarbeidet. Det vart rydda buskar, tre, stein, røter og stubbar samt gjort anna naudsynt tilrettelegging av området. Det var naudsynt med gravemaskin for å fjerne tunge steinar, røter og stubbar som låg opp i dagen.

Fiskebryggja vart mura opp med ein mur ut i elva. Området måtte bearbeidast med tilbakefylling med utgraven masse og rettes av med eit platå med singel. Turvegen fram til området vart forlenga med ca 70 meter og vart tilrettelagt for rullestolbrukarar. Lokale handtverkarar vart leigd inn til dette arbeidet. Det vart kjøpt inn ein utedo. Denne vart satt opp langs turvegen og i nærleiken av gapahuken. Dette arbeidet vart gjort på dugnad. Lokale handtverkarar satt og opp gapahuken.

Undervegs i prosjektet har me informert om arbeidet på møter, i sosiale media (facebook) og i lokalavisa. Me hadde ein offisiell opning av aktivitetsparken tysdag



22. september 2020. Lokal presse, representantar frå kommunen, Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, Vestfold og Telemark fylkeskommune, Gjensidigestiftelsen, Stiftelsen Dam, VandreTelemark, VisitTelemark, DNT, Telemarkskanalen Regionalpark, NRK-Telemark og alle lokale lag og foreiningar fekk invitasjon, og fleire møtte opp. Det vart annonsert breitt og dette resulterte i stor interesse og deltaking på opninga.

#### **Kap 4 Resultat, vurdering av effektmål og resultatvurderingar**

Alle dei konkrete delmåla i prosjektet er gjennomført bortsett frå brukarundersøkinga. Området er no meir attraktivt og aktivitetsparken har blitt ein mykje bruka møteplass. Me har innfridd målet om å lage eit tilbod som fremjar folkehelse. Koronapandemien har resultert i at enno fleire enn ein kunne håpe på nyttar naturen til trening og rekreasjon.

Den planlagde turkassa der folk som går tur kunne notere i en turbok er heller ikkje satt opp, men det er bestilt eit telleapparat for å kunne måle auken av bruken på sikt. Sjølv utan brukarundersøking og turkasse kan me likevel konstatere at turvegen og alle installasjonane er veldig populære og mykje bruka av alle målgruppene for prosjektet. Det vere seg barn og unge, eldre, innvandrar; både funksjonsfriske og dei med helseutfordringar og funksjonsnedsettingar.

Det er allereie stor aktivitet i området og aktivitetsparken blir bruka av alle målgruppene nemnt i prosjektplanen. Skule, barnehage, lag og organisasjonar for born og vaksne og ikkje minst av LHL-Vest Telemark som har organiserte turar kvar tysdag og som har arrangement kor deltakarane grillar og kosar seg. Gapahuken på Ågapet har blitt ein møteplass for innbyggjarane i Kviteseid, men òg for besøkande frå nabokommunar og turistar i sommarsesongen. Fleire har overnatta.

Prosjektet blei om lag eit år forsinka i forhold til framdriftsplanen. Dette skuldast to ting:

1. På vegne av prosjektet tok Kviteseid kommune kontakt med Vestfold fylkeskommune for å få meir informasjon om prosjektet «Padleled Vestfold». Dette var eit spennande prosjekt med arkitektteikna padlehuker langs Vestfoldkysten. Telemarkskanalen Regionalpark var interessert i å sette opp slike padlehuker langs Telemarkskanalen, og med planane i Kviteseid, kunne Ågapet bli den første lokasjonen. Det blei etterkvart eit samarbeid mellom dei frivillige laga i Kviteseid, Kviteseid kommune, Vestfold/Telemark fylkeskommune (som blei slått saman undervegs), og Telemarkskanalen Regionalpark. Prosjektet vaks frå å vere eit lokalt initiativ til å bli eit regionalt prosjekt. Nå vil det bli gjenkjennande rasteplassar med like padlehuker heilt frå Vestfoldkysten, langs kanalen til Kviteseid og opp Bandak til Dalen.
2. Kviteseid kommune fekk gale teikningar frå arkitektkontoret, og bestilte feil materiale. Dette forsinka prosjektet, men førte til eit fruktbart og lærerikt samarbeid

og godt resultat. Gapahuken me planla vart altså ein flott padlehuk; noko me ser oss svært godt nøgd med.

## **Kap 5 Oppsummering/konklusjon/vidare planar**

Me har gjennomført eit vellykka prosjekt som har innfridd målet om å lage eit helsefremjande lavterskel tilbod. Me har fått den møteplassen alle ynskte seg, ein aktivitetspark der ein kan drive med fysisk aktivitet og vere sosiale saman. Prosjektet «Aktivitetspark for alle i Kviteseid» har vorte eit vellykka prosjekt på mange plan. Heilt konkret har me altså fått den lavterskel møteplassen alle ynskte seg med gapahuk/padlehuk, utedo, fiskebrygge m.m.. Me har og hatt eit flott samarbeid mellom lag og organisasjonar og kommune samt andre bidragsytarar.

Når det gjeld vegen vidare har Kviteseid kommune laga ei samarbeidsavtale med Kviteseid Jeger- og Fiskerforening om vedlikehald av turvegen og ei avtale med LHL Vest-Telemark om tilsyn av sjølve rasteplassen på Ågapet. Kviteseid kommune deler og kvart år ut kulturmidlar til lag og foreiningar. Desse midlane vil LHL Vest-Telemark mellom anna nytte til aktivitetar på Ågapet.

Saman med lag og foreiningar vil kommunen helde fram med å utvikle området. Noko me alle gler oss over. Foreiningane bak prosjektet vil sjølvstøtt helde fram med å ha aktivitet i aktivitetsparken.

Prosjektet har og registrert at fleire ynskjer seg treningsapparat på Ågapet og langs turvegen. Dette skal det jobbast vidare med. Etter at prosjektet vårt vart ferdig har Kviteseid kommune fått kr 100 000 av fylkeskommunen til treningsapparat på Ågapet.

Tusen takk til Stiftelsen Dam, Gjensidigestiftelsen og Vestfold/Telemark fylkeskommune som var med på å gjere denne draumen til verkelegheit!

